

VALDRESKVELVEN SPEL OG DANSARLAG

Årsmelding for 2002.

Årsmøte vart halde i Sørre Hemsing den 20. februar.

Desse vart sitande i styre for 2002:

Leiar: Kari Hagaseth
Styre: Karin Trøen Hagen (ny)
Ingrid Skavhaug
Tron Kittelsen (attval)
Nils Rogn (attval)
Vararepr: Jan Sparstad
Guro Kvam
Valnemd: Kari Birgit Lien
Nils ~~Rogn~~ *heine*
Revisorar: Arne Belsheim
Boye Thorpe

Styret har hatt fem styremøter i meldingsåret.
Laget har 60 medlemmer.

Me starta året med å arrangera ein konsert med Hemsingsystemene på Åsvang 16. mars. Ingrid Røynesdal akkompangerte på piano, og Thor Østby viste flotte lysbilete til musikken. Veslebror Andris var også med på fele saman med mor Bente.

Valdreskvelven overrekte eit stipend til Ragnhild og Eldbjørg, på kr. 7500 til kvar (initiativtakar Nils L.). Dette skulle øyremerkast utdanning/ kjøp av instrument.
Konserten vart ei stor oppleving for ein full sal. Kvelden vart avslutta med dans.

Hallingdansarane har dreve på jamt og trutt gjennom heile året. Andris Kvam og Nils Rogn har leia gjengen. Det er mange fritidsaktivitetar ein skal konkurrere med, men det har vorte ei råd til slutt, med å finne tid til hallingdans. Det har vore med ca. 10-15 ungar.

I alt 11 ungar frå Vang var med på Strunkeveka på Leira. Dette er eitt flott tiltak !.
Valdreskvelven støtta kvar deltakar med kr 500.

I november stelte me til ein hyggekveld i Tørpe ^(skulehuset) for unge folkemusikarar. Me var så heldige å få med oss Solveig Hårdnes og Jørgen Trøen til å dra igang parhalling og gamaldans. Trygve Bolstad hadde med seg felelevane sine, og nokre langeleikjenter hadde også støkke innom. Det vart dansa, spelt og drukke saft og kaffe. Tiltaket er meint skal halde fram, med eitt par arrangement i året.

VALDRESKVELVEN – ÅRSMELDING 2002

Per Sæmund Bjørkum og Jon Faukstad var på turne sist på hausten, og siste stopp på turneen var på Åsvang 3.11.. Valdreskvelven i samarbeid med kulturkontoret arrangerte konsert der med dei to. Det vart ei svært fin musikalsk oppleving for dei ca. 30 som var møtt fram.

Plateselskapet TALIK søkte om 10.000 kr. til støtte for utgjeving av CD med Ola Grihamar d.e.. Søknaden vart innvilga. Dette fører til at opptak med Ola Grihamar vert tilgjengeleg for eit større publikum. Me synest at TALIK gjer eit svært viktig arbeid for folkemusikken i Valdres.

Øystein Nicolaisen representerte Valdreskvelven på mønstringskonserten i mars. Eg var ikkje der, men eg er sikker på at representanten ikkje gjorde skam på laget!

Kari Hagaseth har sete i styret i VFL. Nils Rogn har vore varamedlem.

Utsendingar til årsmøtet i VFL var: —

Ingen reiste på årsmøtet i LFS.

Kari Hagaseth er med i styret i Vang musikkråd.

Me er eit lite lag i ei lita bygd, og talet på aktive medlemmer varierar frå år til år. Mange fritidsaktivitetar kjempar om innbyggjarane i kommunen. Me må godta at aktiviteten i laget ikkje er like stabil kvart år.

Styret - i meldingsåret – har ynskt å laga eit miljø for dei unge, ettersom hallingdansen har dreve svært aktivt med Andris og Nils som instruktørar. Fele – og langeleikspelarane har også forhåpentlegvis utbytte av å vera saman med andre med same interesse. Me håper at dette vil gjera til at dei kan trivast endå betre med den aktiviteten dei driv med.

Styret har dette året dreve på etter beste evne og overtyding, og det får vera bra (?). Me takkar dei som har bidrege med eitt eller anna, stort eller lite. Me ser blidt på engasjerte og positive bidrag til fordel for arbeidet med folkemusikken. Det skjer mykje positivt i miljøet, så me må berre stå på!

Liagardane 16. mars 2003

Kari Hagaseth